

Riksantikvaren
Direktoratet for kulturminneforvaltning
Dronningensgt. 13. pb 8196 Dep.
0034 OSLO

Høyring - Retningslinjer for budsjettering av arkeologiske registreringar og gjennomføring av undersøkingsplikt i medhald av kulturminnelova § 9, jf. § 10

Vi viser til dykkar brev av 26.06.2014.

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev med dette ei administrativ tilbakemelding på høyringsutkastet.

Bakgrunn for retningslinjene er å sikre einskapleg og føreseieleg budsjetteringspraksis knytt til registrering av automatisk freda kulturminne (tidlegare fornminne).

Ved planlegging av alle offentlege og større private tiltak pliktar ansvarleg leiar å undersøke om tiltaket vil virke inn på automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 9 og/eller skipsfunn m.m. jf. § 14. Det blir gjort ved at arealplanar og søknader etter plan og bygningslova samt søknader etter kulturminnelova blir sendt på høyring til fylkeskommunane.

For å avklare forholdet må det i areal med funnpotensiale, gjennomførast kulturminneregistreringar. Det er i hovudsak fylkeskommunane som har ansvar for og gjennomfører kulturminneregistrering på land. Sjøfartsmusea har tilsvarende ansvar for kulturminneregistrering under vatn. Tiltakshavar dekkar arbeidet, jf. § 10. Retningslinjene på høyring gjer greie for ein felles budsjetteringsmal.

Kulturminneregistreringar blir i hovudsak utført av eigne feltarkeologar, også slik i Sogn og Fjordane. Bemanningssituasjonen tilseier at sakshandsamarane i arkeologi ikkje har kapasitet til også å utføre kulturminneregistreringar.

Merknader

Vi ser i utgangspunktet positivt på ei ordning med felles budsjetteringsmal. Det konkrete forslaget oppfatar vi som oversiktleg og presist. Vi ser at retningslinjene har føremålstenelege presiseringar, og vi trur dei vil bli tenleg i vidare arbeid.

Vi kan også kort nemne at dei nye retningslinjene, med nokre få unntak, i hovudsak følgjer praksis ved Kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vi legg merke til at konkrete innspel vi hadde i førre høyring, har blitt tekne med.

Vi finn det tenleg at retningslinjene i større grad er skriva for tiltakshavarar og ikkje primært for kulturminnevernet. For desse kan det bli klargjerande dersom det alt under 1. Virkeområde blir nemnt at kulturminneregistreringane blir utført i samband med høyring av arealplanar og søknader etter plan og bygningslova og søknader etter kulturminnelova.

I retningslinjene er det for oss, to nye tiltak som vi vil særskilt nemne.

Det eine er delinga av kulturminneregistreringar i små og store saker, noko som har konsekvensar for budsjettoppstillinga etc. Vi ser positivt på denne todelinga. Små saker vil samla omfatte 300 timar. Det vil seie 8 vekeverk. Vi ser at hovudmengda av sakene her i fylket dermed vil falle inn under ordninga små saker.

Vi meiner at utarbeiding av prosjektplan og av budsjett for begge sakskategoriene bør handsamast likt. Det vil seie at utarbeiding av standardisert prosjektbeskriving og budsjett i små saker også må vere del av oppdraget som blir utført for tiltakshavar. Her er ikkje retningslinjene heilt konsekvente.

Vi noterer oss også forslaget om to standardiserte timesatsar som omfattar løn, sosiale utgifter, indirekte kostnader, utstyr, kost- og losji. Den eine timeprisen er med overnatting, den andre utan.

I Sogn og Fjordane har vi operert med timesats inkl. sosiale utgifter og utgifter til kost/overnatting separat. Vi har likevel ikkje vesentlege merknader mot det nye forslaget som inneber ei lita forenkling i arbeidet.

Retningslinjene omfattar kulturminneregistreringar ved offentlege og større private tiltak. Ved kulturminneregistrering i mindre private tiltak, utfører fylkeskommunen kulturminneregistrering gratis. Rundskriv 07/02-2007 klargjer kva som er mindre private tiltak. Det kan bemerkeast at vi ser at saksmengda aukar i dag når det gjeld mindre private tiltak. Det kan føre til avgrensa feltarbeid pga. redusert økonomisk handlingsrom i denne fylkeskommunen.

Som nemnt ovanfor stiller vi oss positiv til dei framlagte retningslinjene, og vi trur dei kan bli tenlege for vidare arbeid.

Avslutningsvis vil vi oppmode om at det også blir laga ein nynorsk versjon av retningslinjene.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
fylkesdirektør

Berit Gjerland
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:
Hovudutval for kultur